



VINDAFJORD  
KOMMUNE

## Retningslinjer for auka fokus på trafikktryggleik i samarbeid med lag og organisasjonar

Vindafjord kommunen ønsker å vera ein viktig aktør i arbeidet med trafikktryggleik, og har difor som mål å bli sertifisert som ein trafikksikker kommune. Dette inneber ei godkjenningssordning gjennom ulike kriterium utarbeidd av Trygg Trafikk, og er eit kvalitetsstempel for godt og målretta arbeid med trafikktryggleik.

Vindafjord kommune ønsker å førebygga ulykker i trafikken gjennom eit kontinuerleg og målretta arbeid for trafikktryggleik. Kommunen vil difor, i dialog med lag og organisasjonar, oppmoda til auka fokus på trafikktryggleik gjennom følgande tiltak:

### Tiltak for auka trafikktryggleik

- Gi lag og organisasjonar god informasjon om trafikktryggleik ved å publisera Trygg Trafikk sine oppmodingar på kommunen si heimside.
- Senda ut skriv, med forslag til mal, for utarbeiding av eigne retningslinjer for reiser.
- Oppmoda lag og organisasjonar til å utarbeida- og implementera eigne retningslinjer i organisasjonen, samt å ta kontakt med kommunen for råd og rettleiing.
- Auka fokus på trafikktryggleik i nært samarbeid med lag- og organisasjonar.